



Etterkomarane etter løytnant Sven Bugge samla ved krigsminnesmerke på Stemneplassen i Uskedalen

Kim Bech-Andersen kom like frå Kina til Uskedalen for å vera med på krigshistorisk samling i helga. Kim er barnebarn til løytnant Sven Bugge og saman med 11 andre i Bugge-familien la dei inn stopp i Uskedalen med synfaringar og lunsj på Stemneplassen.



[Kim Bech-Andersen](#) kom like frå Kina for å vera med på familiesamlinga i Kvinnherad

Sven Bugge var utdanna skipsførar. Som vernepliktig løytnant i 1940 vart han sjef på vaktbåten HAUS, som var stasjonert utanfor Bergen. I april dagane utførte Bugge mange dristige oppdrag i Kvam og i Kvinnherad, i kamp og ikkje minst bak fiendens linjer. Som sjøkaptein tok han og ansvaret med å føra lastskipet TINDEFJELL frå Uskedalen til Odda. For dette og meir til vart han tildelt St. Olavsmedalje med ekegren.

Lars Børge Sæberg, Trond Ramsøy og Kristian Bringedal var ansvarlege for programmet: I løytnant Sven Bugge sine fotspor frå april til 10. mai 1940. Det var lagt inn stopp med informasjon i Herøysundet, på Sandakaien, Stemneplassen, Rød og på Dimmelsvik kai. Turen gjekk vidare til Kvam med stopp i Tokagjeldet og Fossen Bratte. Dagen etter var familien Bugge på Lerøyosen.

Tilbakemeldingane frå Sven Bugge jr. om opphaldet i Kvinnherad er svært lovande. Kvinnherad og Uskedalen har med dette forsterka sin posisjon som ein sentral plass for krigshistorisk dokumentasjon.



Møtelokale på Steneplassen er godt eigna til grupper som vil vita meir om krigshendingane i april dagane 1940

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/ Peik Bech-Andersen

Nett: Thor Inge Døssland